



“På lag med bygdi”

## Årsmelding for turn og barneidrettsgruppa 2020

### 1. Styret

Turn- og barneidrettsgruppa har i 2019 vore samansett slik:

Leiar: Olav Ødegård

Nestleiar: Ann-Hege Eines

Kasserar: Nina Øyre

Sekretær: Hrafnhildur Ýr Elvarsdóttir

Styremedlem med ansvar for barneidrett: Kari Grøtnebø

Styremedlem: Janne Skilbrei

Styremedlem: Pim Kaldenbach

Valnemnda

Ingrid hval og Trine Grøtnebø

### 2. Møter

Styre har ikkje gjennomført fysiske møter, men tatt avklaringar på e-post grunna covid 19 smittevern.

### 3. Medlemstal

Gymnastikk og turn gruppa har registrert 185 medlemmar.

- 112 medlemmar på turn, spinning, basis og step.
- 73 medlemmar på barneidrett.

## 4. Aktivitetar

### ● Barneidrett 1.-2. klasse og 3.-4.klasse

Barneidrett vår 2020:

- > 1.klasse: Gunnhild Hunderi Grindheim (11 aktive born)
- > 2.klasse: Camilla Grøtnebø ()
- > 3.klasse: Lene Marie Dale Haugen (12 aktive born)
- > 4.klasse: Kari Grøtnebø (13 aktive born)

> Barneidrett er foreldrestyrt slik at foreldre til dei aktive ungane har rullert som trenarar/hjelparar på treningene. Våren 2020 var det for 3. og 4.klasse henta inn følgjande trenarar for særiddrettar: fotball Knut Rune Bøe og Robert Haugen, handball Anne Karin Heggøe, innebandy Ingmar Kaldenbach, og tennis Øystein Østergren. Tennis var nytt i 2020. Har kjøpt inn utstyr til dette som kompensasjon for manglande utstyr i hallen. Det er fast trening i hallen på torsdagar frå kl 17:00-18:00 og kl 18:00-19:00. Airtrack/trampett var i gymsalen ved Ljøsne skule

Barneidrett haust 2020:

- 1.klasse: Jannike Svarstad (19 born)
- > 2.klasse: Gunnhild Hunderi Grindheim (11 aktive born)
- > 3.klasse: Camilla Grøtnebø (14 aktive born)
- > 4.klasse: Lene Marie Dale Haugen (5 aktive born)

Pga koronapandemien kom barneidretten seint i gang hausten 2020. Det har vore vanskeleg å få oversikt over kor mange aktive ungar som er med i kvar klasse. Det er mykje til og i fra, og det er nok variabelt kor mange som betalar treningsavgift.

Hausten 2020 var det ikke tilbod om bading. Trenarar fra turngruppa var inne og heldt ei trening pr klassetrinn i november. Øystein Østergren hadde ei trening med tennis for 2., 3., og 4.klasse i desember. Ut over dette var det fri trening i hall der foreldre måtte legge opp treningene sjølve.

Kvar klasse har hatt representantar på opplæring i reinhald i regi av kommunen. Det er dette året kjøpt inn ei bok med forslag om uteaktiviteter som er tenkt skal til å gå på rundgang i klassene.

- **Turntrening**

All aktivitet stoppa opp som følgje av smittevernreglar i korona pandemien gjeldande frå 12 mars.

Turngruppa har flytta treningane sine frå Ljøsne og ned i storehallen på Øyri pga at Lærdal kommune solgte Ljøsne skule med idrettshall på vårparten 2020.

Etter sterkt ønske frå trenarar og styre i turngruppa , har no me fått utvida halltid frå kl 17:00 – 20:30 mandagar. Noko me er særst nøgd med.

Treninga er inndelt i 3 grupper.

Gr1- Treningstid Kl: 17-18. 4-5 klasse

Gr2- Treningstid Kl: 18-19. 6-7 klasse

Gr3- treningstid Kl: 19-20 .7-10 klase

Desse tre gruppene har hatt kvar sin kontaktperson som har sytt for organisering av foreldre som har deltek med reingjøring mellom kvar gruppe, tilrigging før trening og rydding etter treningane. Gr1- Sari, Gr2 – Ingrid og Gr3- Hrafnildur.

Treninga starta opp ultimo Oktober for den yngste gruppa og primo November for dei to eldste gruppene grunna at hallen var stengd for aktivitet fra til dess.

Før hallen kunne takast i bruk måtte det gjennomført opplæring til foreldre og trenarar i regi av Lærdal kommune med reingjøring og smittevern i hallen, før under og etter trening.

Det har vore loggført deltagerliste på alle treningane.

Treningane går i i hovudsak på airtrack og trampett, men me prøver å få inn ein styrkebit i tillegg.

Det var påmeldt ca 50 ungar til turn før oppstart , men det har falle frå nokon etter kvart og me har no 44 ungar i dei tre gruppe som er med.

Sjølv med begrensa treningstid har me fått mykje ut av treningane og det er god progresjon på alle tre grupper, mykje takke at me har hatt ein god trenar.

Nokon av dei eldste på gruppe 3 har også delteke som hjelpetrenarar på gruppe 2 ( 6-7 kl).

Dessverre opplever me at dei er svært vanskeleg å få krevja inn treningsavgift på turnarane, der me har nytta våre to FB sider. Her må det setjast inn nye måtar for påmelding og innkrevjing av kontingent. Her blir det brukt unødig mykje ressursar.

Hovedtrenar er Eivind Øren Myklebust.

Hjelpetrenarar på dei ulike gruppene har vore Janne, Hanne , Sari , Ingrid, Brita og Hrafnildur.

- **Spinning**

Ingen aktivitet grunna mangel på instruktør og covid 19 smittevern.

- **Basistrening**

Det var basistrening fram til hallen vart stengt 12 Mars. Tilbodet har ikkje starta oppatt på hausten grunna mangel på instruktør og covid 19 smittevern.

- **Step**

Trenarar: Margrethe Bøe og Ingrid Hval.

Nytt tilbud på Øyri som har vore veldig populært. Vore mellom 20 –35 deltakarar på kvar økt

Dette vart også stansa grunna covid 19 smittevern fom 12 Mars. Starta oppatt seint på hausten og hadde nokon veker med trening før det vart stopp grunna nye smitteverntiltak.

## **5. Utdanning**

Det har ikkje vore gjennomført kurs i år, grunna covid 19 smittevern.

## **6. Oppvisningar**

Barneturnstemne på våren vart avlyst grunna covid 19 smittevern.

## **7. Avslutning**

2020 har vore eit spesielt år for alle .

All ære til dei flotte trenarane me har! Dei legg ned ein enorm mengde arbeid i førebuingar og treningar. Takk for ein strålande innsats!

Lærdal, 20.02.2021

Turngruppa LIL

